

planID 1256 2012 0002

arkivID w/gggg

-----  
Ordfører

Merknad [IR1]: 14/933



## Meland kommune

### Reguleringsplan (detalj)

*Hjertås industriområde sør  
gnr 9 bnr 156 m.fl*

**Reguleringsføresegner**  
(jf plan- og bygningslova § 12-7)

Utval	Utarbeid	Sist endra	Sak	Godkjent	ArkivID
UDU					
UDU					
Kom.styre					

Merknad [IR2]: Tabell fylles ut

## § 1 Generelt

§ 1.1 Det regulerte området er synt på plankart i mål 1:1000, datert 26.09.13

**Merknad [IR3]:** Må endres etter oppdatering av basiskart

§ 1.2 Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

1. Busetnad og anlegg (pbl § 12-5 ledd nr 1)
  - a. Næring
  - b. Steinbrot/ masseuttak, næring og kai
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 ledd nr 2)
  - a. Køyreveg
  - b. Gang- sykkelveg
  - c. Annan vegg grunn
3. Grønstruktur (pbl § 12-5 ledd nr 3)
  - a. Friområde
4. Omsynssoner (pbl § 12-6)
  - a. Frisiktsone veg

**Merknad [IR4]:** Endre til grønstruk

## § 2 Fellesføresegner

§ 2.1 Byggegrenser

1. Nye bygg skal plasserast innanfor byggegrensa som vist på plankartet. Der byggegrense ikkje er vist på plankart går byggegrensa i føremålsgrensa.

§ 2.2 Dokumentasjon til byggemelding

### Avfallsplan

1. Ved søknad om tiltak etter pbl. § 20-1 skal det gjerast greie for handtering av avfall og overskotsmateriale. Før løyve til igangsetting skal det liggje føre ein avfallsplan for bygge- og anleggstiltak, jf. Forureiningslova med forskrift.

### Utomhusplan

1. Alle tiltak skal utførast i samsvar med godkjent utomhusplan.
2. Utomhusplan skal utarbeidast for kvart delfelt, og innehalde løysingar for: miljøstasjon/ fellesområde for avfallshandtering, parkering, interne vegar og gong/sykkelveg, eksisterande og framtidig terreng med høgdeplassering, trapper, murar, møblering, lyssetting, gangareal med ledelinjer og reklameskilt.

### VA-rammeplan

1. VA-rammeplan skal gjere greie for handtering av overvatn og tilgang til sløkkevatn.

### Parkering

Det skal utarbeidast dokumentasjon av parkeringsbehov og løysingar for bil- og sykkelparkering, som skal leggjast ved byggjesøknad.

§ 2.3 Rekkjefølgje

1. Ved innsending av rammesøknad skal det liggje føre VA-plan som skal godkjennast av kommunen.
2. Ved innsending av byggjesøknad skal det liggje føre dokumentasjon av parkering, som skal godkjennast av kommunen.
3. Ved innsending av byggjesøknad skal det liggje føre utomhusplan, som skal godkjennast av kommunen.
4. Det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve for nye tiltak i planområdet før nytt kryss ved Fv. 564, inkludert omlegging av gang- og sykkelvegen er ferdigstilt.
5. Arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan ikkje setjast i gang før byggeplan er godkjend av Statens Vegvesen, og det er inngått gjennomføringsavtale mellom Statens Vegvesen og tiltakshavar.
6. Før det vert gitt midlertidig bruksløyve skal følgjande vera gjennomført:

**Merknad [IR5]:** Endres til byggjesøk

- Vatn og avlaupsnett i samsvar med rammeplan for VA.
- Sikringstiltak mot fallulukker ved eventuelle bratte skjerningar.

#### § 2.4 Krav til utforming og estetikk

1. Inngrep i terrenget skal gjerast mest mogleg skånsamt. Nye bygningar skal stå i høve til terreng og landskap.
2. Bygga skal plasserast slik at ein oppnår god funksjonell og arkitektonisk samanheng i høve til kvarandre og omgjevnadane.
3. Material og fargeval skal tilpassast omgjevnadane.
4. I samband med rammesøknad skal fjernverknad frå sjøsida visualiserast.

**Merknad [IR6]:** Omformuler: Bygga skal vere av god arkitektonisk kvalitet og plasserast slik at ein oppnår ein funksjonell og estetisk samanheng i høve til kvarandre og omgjevnadane.

**Merknad [IR7]:** Endre til byggesøknad

#### Utbyggingsavtale

1. Det er ein føresetnad at det blir inngått utbyggingsavtale før det blir gjeve løyve til igangsetting av tiltak, når godkjent reguleringsplan inneber utbygging av offentlege anlegg, til dømes offentlege trafikkområde eller grønstruktur/ friområde, kommunalteknisk infrastruktur/ kablar og liknande.

**Merknad [IR8]:** Eget punkt? No ligg den under estetikk. Kan med fordel kom tidleg under § 2.

#### § 2.5 Universell utforming

1. Ved detaljplanlegging av inne – og utemiljø skal prinsipp om universell utforming leggast til grunn.

#### §2.6 Automatisk freda kulturminne

1. Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar vert oppdaga i samband med gravearbeid, skal arbeid stoppast omgåande og fylkeskonservator underrettast, jf Lov om kulturminne § 8,2. ledd. Dette gjeld både i sjø og på land.

#### §2.7 Søknadsplikt

1. Tiltak i sjø krev tillating frå hamnemynde, jf. Hamnelova § 27, første ledd. Søknad må sendast i god tid før iverksetting av tiltak.
2. Tiltak som rører ved Forsvarets interesser i sjø skal sendast Forsvarsbygg for uttale.

**Merknad [IR9]:** Endre font

#### §2.8 Ureining

1. Ureining skal handsamast etter gjeldande krav frå overordna miljømyndigheit. Vert ureina næring tillate må det takast kontakt med vedkommande fagmyndigheit for fastlegging av rammene for næringsverksemd, jf. Forureiningslova.

#### §2.9 Parkering

1. Parkering tillatast løyst innanfor byggeføremåla.
2. Gjeldande parkeringsnorm skal følgjast for opparbeiding av talet på parkeringsplassar innanfor formålet. Det skal utarbeidast parkeringsanalyse som skal leggast ved byggesøknad. Analysen skal dokumentere behov og løysingar for bil- og sykkelparkering.

Føresegn om parkering		Minstekrav til parkeringstal pr. eining i høve til føremål (bil og sykkel)		Maksimalkrav til parkeringstal pr. eining i høve til føremål (berre bil)
Føremål/ verksemd	Eining	Sykkel	Bil	Bil
Lager	250 m2	0	1	1
Industri/ verkstad	100 m2	0	1	1,5

**Merknad [IR10]:** Tabell kan slettes

#### §2.10 Avfallshandtering

1. Avfallshandtering skal skje på avsett område innanfor kvart delområde, og i samsvar med godkjend utomhusplan. Løysinga skal gje tilfredsstillande tilkomst for renovasjonsbil.

#### Massedeposering

1. Krav til plan for handtering av overskotsmassar. Avfall, ureine massar og overskotsmateriale frå byggeprosessen skal transporterast til godkjend fyllplass i samsvar med forureiningslova.

#### §2.11 Miljøkvalitet

1. Støy frå næringsområde skal tilfredsstillende gjeldande retningslinjer for tillate utandørs støy, jf. T-1442 «Støy i arealplanlegging». Det er ikkje tillate etablert anlegg eller verksemd som ved lukt, røyk, støy eller anna ureinande utslepp er til sjenanse for næringsområde for friluftsliv, anna næring og busetnad.

#### §2.12 Handtering av overvatn

1. Lokal overvasshandtering skal leggest til grunn ved detaljutforming og prosjektering av tiltak. Gjennomføring av bygningsmessige tiltak skal ikkje gje endring i avrenningssituasjonen nedstraums frå byggeområde og vegar. Der oppsamla overvatn vert ført ut i terreng eller ned i grunn skal det gjerast på ein slik måte at det ikkje fører til auka flaumfare eller redusert kvalitet på areala nedstraums for utsleppet.

#### §2.13 Anleggsarbeid

1. Sprenging og støyskapande verksemd i masseuttak og steinbrot skal berre skje på vekedagar innanfor vanleg arbeidstid mellom 0700-1900.

### § 3 Bygningar og anlegg (pbl § 12-5 ledd nr 1)

#### § 3.1 Utnytting og byggehøgder

1. Byggeområda kan maksimalt tillatast bygd med den utnyttingsgraden og byggehøgda som er vist på plankartet for kvart føremål. % BYA vist på plankart er ikkje inkludert parkering.
2. Det kan ved særskilde høve etablerast pipe, tårn, takoppbygg o.l. på ein del av ein bygning, som er høgare enn den byggehøgda som er vist på plankartet.

#### Byggegrenser

1. Ved deling innanfor område for bygningar og anlegg, skal byggegrense mot nabo vere 4 meter.

#### § 3.2 Næring

1. Innanfor føremålet vist på plankartet kan det etablerast næring, interne vegar, parkeringsplassar og annan infrastruktur.
2. Nettstasjon skal kunne plasserast innanfor område for næring. Nettstasjon skal etablerast med gjeldande sikringssoner.
3. Nettstasjon må plasserast minst 5 m frå bygning med brennbare overflater, minst 3 m frå bygning med ikkje brennbare overflater, og kan plasserast inntil bygning når vegg mot transformator er utført i brannteknisk klasse minst REI 60/A2-s1 eller tilsvarende.

#### § 3.3 Viste bygningar og anleggsføremål kombinert med andre viste føremål:

##### Steinbrot/ masseuttak, næring og kai.

1. Føremålet vist på plankartet kan nyttast til steinbrot/ masseuttak, næring, kai, interne vegar, parkeringsplassar og anna infrastruktur. Det kan etablerast snuhammar innanfor føremålet.
2. Steinbrotet kan nyttast til uttak, produksjonsplass og lager knytt til drift og uttak. Uttak skal vere i samsvar med driftsplan godkjend av Bergmesteren for Svalbard.
3. Innanfor føremålet tillatast parkering løyst på tak.
4. Nettstasjon skal kunne plasserast innanfor område for næring. Nettstasjon skal etablerast med gjeldande sikringssoner.
5. Nettstasjon må plasserast minst 5 m frå bygning med brennbare overflater, minst 3 m frå bygning med ikkje brennbare overflater, og kan plasserast inntil bygning når vegg mot transformator er utført i brannteknisk klasse minst REI 60/A2-s1 eller tilsvarende.

### § 4 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl § 12-5 ledd nr 2)

**Merknad [IR11]:** Kva med støy?

**Merknad [IR12]:** Framo ynskjer sprenging utanfor normal arbeidstid jf merknad, men om dei har avtale om at dette fungerer no..

**Merknad [IR13]:** Overskrift slettes

**§ 4.1 Køyreveg**

1. Køyreveggar skal opparbeidast i samsvar med breidde og kurvatur som vist på plankartet. Det kan gjerast mindre avvik frå dette i samråd med aktuell vegmyndigheit. Fylling/skjering knytt til vegareal kan, der det er naudsynt, førast inn på tilgrensande areal som er regulert til andre føremål.

**§ 4.2 Gang- sykkelveg**

1. Gang- sykkelveg skal opparbeidast som vist på plankartet.

**§ 4.3 Annan veggrunn**

1. Areal er avsett til skjeringar, fyllingar, grøfter og liknande knytt til vegføremåla. Innanfor området kan det òg leggest kabelføringar for tekniske anlegg.

**§ 5 Grønstruktur (pbl § 12-6 ledd nr 3)**

**§ 5.1 Friområde**

1. Friområde skal vera tilgjengelege for ålmenta.
2. I anleggsfasen tillatast fylling innanfor føremålgrensene. Arealet skal tilbakeførast, og tilsåast eller beplantast etter anleggsfasen er slutt.

**§ 6 Omsynssone (pbl § 12-6, jf § 11-8a)**

**§ 6.1 Frisiktzone veg**

1. Innanfor frisiktsoner skal det ikkje vera gjenstandar eller vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter over tilstøytande køyrebane sitt plan.

**Merknad [IR14]:** 12-5 3. ledd

**Merknad [IR15]:** Endres til grønstruktur.

**Merknad [IR16]:** Pkt 1. kan slettes

Eg saknar ei føresegn som går på avrenning/ureiningstiltak mot Fløksandelva. På plankartet ser ein at det vert ei stor fylling frå veg V2 og ned mot elva. Korleis skal ein sikre at dette ikkje får konsekvensar for vassdraget? Det er i utgpkt 50 meter byggegrense til vassdrag og dette må planforslaget sei noko om sidan planen ikkje overheldt denne grensa. Kan det vere aktuelt med RpBestemmelseOmråde i plankart til vegen er etablert?